

# ÅRSMELDING



2015

JØSNESET BYGDRÅD

## **Årsmøtet Jøsneset Bygdaråd - blei halde 03.03.2015**

Val: Valkomiteen si innstilling blei vedtatt:

Odd Fosså, attvald til styret 2 år og attvald som leiar 1 år.

Rasin Tjeltveit, nytt styremedlem, 2 år. Sven Westersjø, attvald styremedlem, 2år

Unni Fossaa og Svanhild H Gbada var ikkje på val, heller ikkje revisor Oddvar Skiftun

Vara: Knut Foss attvald for 1 år og Johan Hjorteland, ny for 1 år.

Valkomitè: Cesilie Wåland (ny) Berit S Hjorteland og Paul Olav Skiftun

### **På første styremøte konstituerte styret seg slik:**

Leiar: Odd Fosså , Kasserar: Sven Westersjø ,sekretær: Svanhild Hjorteland Gbada

Styremedlem: Rasin Tjeltveit, Kontakt for Trivselstova/skulebygg: Unni T Fossaa

## **JØSNESET BYGDRÅD - ÅRET 2015:**

**Møter:** årsmøtet+5ordinære styremøte + separate møter + ein del avklaring via e-post/tlf.

**Undergruppe Bulyst:** JB: Odd Fosså/Svanhild H Gbada + Silje Sværen, og Torstein Rødde

**Arbeidsgruppe Jøsneset 200 i 2020:** JB: Sven Westersjø + Jostein Hjorteland, Elsa N Altamirano, Ola Skiftun og Lene Hjorteland..

**Smashing Jøsneset:** Bygdrådet + JUL og andre frivillige: fleire møter både vår/sommar/haust

- **Skulebygningane:** Førebels har JB laga bruks-reglement for gymsalen; og JB driftar bygget. Har meldt ifrå til kommunen om lekkasje og manglande varme gymsal: ingenting reparert. Ingen formell avklaring frå kommunen om framtidig drift mm. Svarte på aktivitets-kartlegging til kommunen, men avventar politisk prinsippsak. JB sendte tilbod om å male heile gymbygget - blei ikkje imøtekome. JB mala utvendig rampe v/Trivselstova på eigen kostnad.

- **Uttalar:** har sendt uttalar om legevaksaka og røystekrinssaka til kommunen, og om ferjesambandet til Vegvesenet, og om gravplassen til Kyrkjeverje.

- **Fibernetutbygging:** Altibox-utbygginga starta i 2015 og pågår framleis utover 2016. Fleire brukarar har fått kopla seg opp, og fleire i vente.

- **25.mars: internasjonale Vaffeldagen:** vaffelcafè + quiss, Trivselstova

-**25.april: Ryddedugnad v/Kalvagaren, Fosstemmen:** 16 stk, grusing, såing, veding mm i ausande pøsregn, med fellesmåltid rundt bålet etterpå.

-**5.mai Ryddedag:** rydda langs vegar, luka i bed på skuleområdet , utvask Trivselstova. Veldig vindfull dag, men likevel ganske godt oppmøte, pølser, brus og kaffi som vanleg .

- **23.juni :Jonsok-feiring** Skiftu-stranda i samarb m/Helselaget.

-**18.juli:** annonsert felles båttur til Førre blei avlyst pga dårlig vær

- **25.juli : «Smashing Jøsneset :** konsert med Stjernekampvinnar Nora Jabri + blueslegenda ReidarLarsen + dans m/skjenkeløyve på uteplassen v/gymbygget. Samarbeid med JUL og andre frivillige : Stor dugnadsinnsats. Takk.

-**8.sept: Valdebatt i gymsalen.** Alle politiske parti i kommunen (minus SV) deltok i paneldebatt, frammøte i salen ca 45 stk, Utspørjarar SiljeSværen/RasinTjeltveit. God debatt !!

-**søn18.okt: TV-innsamling, Regnskogfondet** JB gjekk med bøsser, og arrangerte kafè i Trivselstova. Ca 35 innom, 1960 kr ekstra i bøssene frå kafèen; totalt inn ca10 000 frå bygda

-**sønd 22 nov:** Konsert RyfylkeVisegruppe, gymsalen – lunt, vakkert, akustisk, men lite oppmøte



- Iør 28 nov: **Tenning av julegrana:** fakkeltog, graut, kaffe, gløgg i Trivselstova. Tenning av treet v/branngarasje og gang rundt treet.
- 7.des: Julekakebakekveld,** skulekjøkkenet, 5 stk x 5 sorter på deling. Arr Bulystgruppa
- **8.des: Julepåleggskurs på Bøen:** Silje Sværen skaffa råvarer og helt produksjonslokaler, 11 stk surra lammerull, sylteflesk og laga leverpostei. Arr Bulystgruppa
- **16 des:** Hjelmeland kommune sin kulturpris2015 gjekk til frivillige lag på Jøsneset for fleire arrangement over fleire år og Smashing Jøsneset og Hardhausen var døme som blei trekt fram. Odd Fosså i JB mottok prisen på vegne av bygda.
- **Nyttårsfest;** felles fest med felles matbord i Trivselstova, 16 stk, barn og voksne.
- **Jøsnesposten:** ikkje JB-initiativ, men frivillige sørga for å få den produsert i mai 2015. Bravo!
- Prosjektmidlar:** JB har mottatt kr 25 000 frå Sparebank-stiftelsen SR-Bank til stadnamn/skiltprosjekt – lokale stadnamn, og 50 000 frå MarineHarvest-fondet til tilrettelegging for badestrand v/gapahuken v/ Fosstemmen – ingen av prosjekta er realisert enda. Søkte òg SparbankenVest om midlar til stolar/partytelt til SmashingJøsneset – søknad ikkje innvilga.
- **Jøsneset på nett:** Bygda si heimeside [www.josneset.no](http://www.josneset.no). Godt besøk, blir oppdatert med små og store hendingar. 2015 er det føreteke sikkerheitsoppdatering og litt designendring. Sida er driven ilag med Helselaget og JUL og pr i dag er det JUL som betalar domenet og support. Jobbar med sponsorinntekt; dvs logoar frå lokale firma på sida kan vere med å finansiere drifta. Viktig at folk/lag sender inn tips, foto, plakatar...ting ein ønskjer å formidle til mange. Bli også «venn» med Jøsneset på open Facebook-side: [www.facebook.com/Josneset](https://www.facebook.com/Josneset).



- **Grøn trivsel:** blomsterampler v/ velkomstskiltet i Nesvik.
- **Idèkasse :** JB har ein gul postkasse v/branngarasjen. Her kan du gi oss tips, idèar, forslag om ting du ønskjer skal skje i bygda eller ting du vil JB skal engasjere seg i. Den er ikkje proppfull akkurat, men kom gjerne med tips, og du kan sjølv sagt òg nytte epost: [bygdaradet@josneset.no](mailto:bygdaradet@josneset.no)

Takk til alle som har delteke med frivillig innsats og mykje dugnad på fleire av arrangementa gjennom året !

Skiftun 05.02.2016, Svanhild Hjorteland Gbada.